



Nordsjøløypa

Stavang

Flora



På dørhella til Nordsjøen

På fastlandet lengst sør i Flora kommune ved innløpet til Førdefjorden ligg Stavang. Stavang heitte opphavleg Stafangr frå dei norrøne orda 'stafr' som tyder stav eller bratt fjell og 'angr', som tyder fjord. Fram til 1964 var Stavang senter i Bru kommune. Stavang har omlag 100 fastbuande.



Langs turstiane i Stavang

Eit karaktertrekk ved Stavang er dei mange sjøhusa langs sjøkanten med den store kyrkja i midten. Nordsjøløypene er laga slik at ein kan velje mellom ulike vanskegrad, anten ein vil gå ein lett tur frå butikken til Langeneset eller ein tyngre tur til Hornfjellet. Den lengste løypa går frå Velteplassen til toppen av Skålefjellet (765 moh.).



Trompetlav. I fylgje segna bles alvane i laven sine trompetar!

Natur og landskap

Særpreget ved naturen i Stavang er den nære kontakten til sjøen. Det er skjerna og lunt samtidig som det er kort avstand til Brufjorden og storhavet utanfor. Stavang er eit svært solrikt område, ingen høge åsar eller fjell stenger for sola. Barskogen ligg som ein ring kring Stavang som omkransar lauvskogen og kulturlandskapet på nordsida av bygda. På eit nes nord for kyrkja ligg det ein gravhaug frå vikingtida og ein ser eit høgdedrag i terrenget. Dersom du likar spesielle steintypar bør du ta ein tur til Liaflata sør for Hornfjellet der det ligg eit geologisk felt med den spesielle steinen dolomittmarmor. Langs turløypene kan ein plukke blåbær, tyttebær, krekling, bjørnebær og ville bringebær. I skogen kan ein plukke matsoppar som kantarell og steinsopp. Mange stader veks det smørblomst (engsoleie), blåklokke, krypbeinurt, teppe-rot, hestehov, skogstjerne og myrull.

Dyreliv

Om våren kjem svalene og byggjer reir i låvar og naust. Dyrelivet langs sjøkanten ber preg av



På Åsen kjem ein nær naturen. Her ser ein mange tre som stod i vegen for den kraftige nyttårsorkanen 1. januar 1992. Du kan også ta ein tur inn i den gamle skogen der det verkar som om tida har stoppa opp.

grunnane i sjøen som produserer marin fauna. På holmane finn ein hekkande ærfugl, tjeld, hegre, måsar og grågå. Somme tider ser ein også den majestetiske havørna komme seglande, det er ikkje langt til næraste hekkeplass. Her er også ein gammal hekkelokalitet for makrellterne, men det har det ikkje vore hekking her dei siste åra. I vinterhalvåret beitar fleire artar dukkender her, dessutan skarv og stundom lomvi. Området er dessutan eit eldorado for oter, ein art som har hatt stor bestandsvekst siste mannsalderen. Samtidig har bestanden av mink gått tilbake. Stavang er eit ideelt utgangspunkt for fritidsfiske fordi ein med båt kan gå i alle retningar, anten ein likar småfiske på grunt vatn mellom holmane eller vil prøve seg på djupare vatn ute i fjordane. Dersom ein er heldig, treff ein også på våre minste kvalar, nisene, som er vanlege her. Men då bør ein slå av motoren og lytte etter pustinga deira, som er lett å høre på stille sommarkveldar.

Folk og busetnad

I Stavang finn ein gravrøyser, steinsirklar, og spor etter gamle buplassar frå sein steinalder og tidleg bronsealder. I 1427 var Stavang, Selvika og Stokkebekken ein del av Munkelives jord. I 1680



Gravrøys tytt på Langeneset.

Stavang

Fasilitetar og opplevingar:

- Kyrkje
- Daglegvarer
- Gjestehamn
- Taxibåt
- Overnatting
- Badeplass
- Husmannsplass
- Kvernafossen





Hovudbygningen i Haavetunet blei bygd i 1850 og har sidan blitt utvida med arker og entré på vestsida.



Dei gamle hustuftene og steingarden på Langeneset er godt synlege frå nordsjøløypa.



På toppen av Skålefjellet har ein utsyn mot Førdefjorden, øyane i vest og Høydalsfjorden.

var Stavang officersgård og kapteinen fekk alle dei gamle militære småtollane. Eigaren Lillenschold fekk landskylda og Svanegodset fekk tienda. Kring 1700 budde det ein strandsittar på ein av holmane i Stavangundet. Martens- familien i Hellevika skulda han for å drive med ulovleg sal av øl og tobakk. Sjølv hadde dei handelsbrev på sal av tobakk, øl og brennevin. I 1801 budde det 85 personar i Hellevik, Stavang og Stavik til saman. Hundre år seinare var folketallet kring 200. Dei som budde her var fiskarar, noteeigarar, gardbrukarar, tenestefolk, sjømenn, postopnar og prest.

Haavetun

Haavetunet ligg midt i Stavang og består av bårstove, våningshus og stabbur. Sidan 1855 har Haavetunet vore den største garden i Stavang med gardsbruk, skogsdrift, sagbruk og høvleri, kvern,

flytta gardsbruk med gamle tufter og murar. Yst på neset ligg det to gravrøyser. Her kan ein også sjå sjøfugl, oter og ulike slag tre, planter og lyng, deriblant den underlege trompetlaven.

Velteplassen - Hornfjellet/ Skålefjellet

Løypa går frå Velteplassen til toppen av Skålefjellet 765 moh. Første stopp på vegen er den øvste demninga i Storeelva. Sagdammen her blei brukt til det første vassdrivne sagbruket i Stavang. Om vintrane skar ein ut store isblokker som blei lagt i hestevogn og frakta ned til ishuset på kaia. Løypa fylgjer vidare ein gammal traktorveg som blei brukt til å frakte tømmer. Der vegen deler seg tar ein til


venstre, kryssar elva og held fram til Vegskilet der ein fylgjer skiltinga mot Skålefjellet. Løypa går i gras og lyng og dels i myr. Etter kvart som ein nærmar seg toppen ser ein øyar, fjordar og snødekte fjell. Ved Bjørndalskvia kan ein enten ta til venstre og gå til Hornfjellet eller ein kan starte stigninga mot Skålefjellet. Ein kan fylgje den same ruta tilbake eller gå via Hornfjellsvatnet og fylgje løypa til Bjørndalskvia. Turen tar omlag 4,5 timar.

Kommunikasjon

Stavang ligg 45 minutt med bil frå Florø og Førde. Frå Florø køyrer ein via Eikefjord og til Stavang. Frå Førde tar ein til venstre i vegkrysset i Naustdal og køyrer utover langs Førdefjorden.



Gjestehamna i Stavang.



fiskemottak, salteri, skysstasjon, butikk og post-obneri. I 1850-åra kom haugianaren Anders Nielsen Haave til Stavang og gifta seg med Anne-Bolette Martens frå Hellevika. Haave fekk garden Haavetun i medgift og han bygde våningshus, kvern, demningar, driftsbygning og notebu. Sjøbua, også kalla Gamlebua, vart bygd då fisket var den store aktiviteten i tillegg til vanleg gardsdrift. Bua fungerte lenge som fiskemottak. Vårsildfisket var ei viktig inntektskjelde på den tida då mange hadde fisket som sesongarbeid. Her var også laksemottak, og i det rike torskefisket blei her salta, tørka og isa fisk som blei eksportert.

Stavang - Åsen

Løypa tar til på kaia og fylgjer bilvegen gjennom bygda til Åsen. I skogen kan ein sjå hjort, mår, ekorn og skogsfugl. Når ein er komen opp til toppen er det fint å sette seg ned og nyte utsikten før ein går ned igjen langs traktorvegen på den andre sida.

Stavang - Langeneset

Løypa går frå butikken via Kloppemyra og til Langeneset. Like nedanfor hyttefeltet ligg eit frå-

ALLEMANSRETTEI GJELD I UTMARK

Rettar:

- Ferdast fritt til fots og på ski
- Raste og overnatte
- Ri eller sykle på stiar og vegar
- Ferdast fritt i båt, fortøye og gå i land i utmark langs kysten
- Plukke bær, sopp og blomar
- Bade i sjø, vatten og vassdrag
- Fiske med sportsfiskereiskap etter saltvassfisk

Plikter:

- Ikkje skade naturmiljøet eller uroe dyr og fuglar
- Ikkje gå i dyrka mark og eng
- Ikkje gjere opp eld i skog og mark mellom 15. april og 15. september
- Hundar skal vere i band på offentleg veg eller i naturen. I Bremanger Kommune er det bandtvang for hund heile året.

NB Rydd etter deg og ta avfallet med heim. Lag ikkje bål på bart fjell. Vern om kulturminna. Ferdsl i utmark er på eige ansvar.

Turistinformasjon:
Stavang turistkontor
Tlf. 57 74 42 65
www.stavang.no
Rute info: 177

Text: André Haave
Foto: Jorunn Standal Haave
Kart: Tone Reinos Knutsen

Formgjeving: **eko** Førde



Nordsjøløypa
North Sea trail er eit samarbeid for vern av Nordsjøregionen sin felles kulturar som kommunikasjon og transportåre.



Supported by Interreg III B North Sea Programme.